

Velkommen til årets store handballfest!

GRATIS FESTIVALAVIS 2017 – 28. ÅRGANG – TILLEGG TIL SUNNHORDLAND



**Møt opp og sjå
festivaltoget
laurdag 3. mai!**

Det startar frå
Leirvik skule kl. 11.30
og endar opp med flott opning
av den 28. Handball-festivalen
på **Torget kl. 12.00**



Sunnhordland

” VELKOMEN TIL FESTIVAL!

Gode handballfestivalvenner!

Så er endeleg tida her og me gler oss til å avvikla vår store turnering for 28. gang. Me har jobba intenst siste tid sjølv om mykje arbeid starta straks etter siste festival var ferdig. No er me svært klar til å ta i mot alle spelarar, leiarar, dugnadsfolk, gjester og alle andre!

Siste tida har vore prega av noko uro i verda. Me tenkjer mykje på tryggleik og beredskap før og under Handballfestivalen for å førebyggja alle uønskte hendingar. Me har godt samarbeid med politi, brannvesen og kommunen slik at vårt arrangement skal bli så trygt og godt som mogeleg. Me ynskjer at alle som er på vår turnering og alle som sit heime, skal vera trygge på at alle har det bra – heile tida! Og det jobbar me for. Handballfestivalen har i alle år vore kjent som ei trygg og intim turnering og det skal den vera framover også!

Det skjer mykje på Vikahaugane for tida. Den gamle Stord ungdomsskule vart riven to dagar etter at Handballfestivalen 2016 var over. No har det reist seg eit flott og nytt bygg som vert kalla «Kongen på haugen» – og dette vert eit flott skulebygg som me gler oss til å ta i bruk neste år! I år vil mange bu på skulane som ligg i kommunen vår – me håper alle vil kosa seg og ha det bra der dei vert innkvartert. Hovudaktiviteten vil jo i all hovudsak føregå på Vikahaugane sjølv om det er stor byggjearbeid. Ved innkjøringa til vårt flotte anlegg har Stord kommune oppgradert og laga nye parkeringsplasser på Vabakkjen. Dette vart eit fantastisk flott område som me kjem til å få stor glede av!

Vår store turnering kunne aldri vore avvikla utan stor dugnadsinnsats i alle ledd. Denne helga vert det lagt ned om lag 8000 dugnadstimar! I tillegg så er det lagt ned eit stort arbeid på førehand i dei ulike komiteane. Dette er



svært samlande for klubben og for alle som er med på denne stor jobben. Stord IL Handballgruppa er arrangøren og me samarbeider godt med andre klubbar som er med og hjelper oss med vakthold og andre oppgåver – TUSEN TAKK SKAL DE HA!

Til slutt vil eg få ynskja alle hjarteleg velkomne til Vikahaugane i pinsen! Eg vil minna alle om det store toget som går frå Leirvik skule kl

11.30 på laurdag og den store medaljeutdelinga som er på mandag kl 12. Desse to seremoniane er verd å få med seg!

Hjarteleg helsing
Handballfestivalen 2017

Kjartan B. Grov
Prosjektleiar

Spelarar, trenarar, foreldre, alle handballvenner!



Så er me enno ein gong klare for å ynskja velkomen til handballfest på Stord. I løpet av pinsehelga skal kampar vinnast og tapast, venskapsband knytast og minner for livet skapast. Stordabuen står samla om å ynskja alle tilreisande velkomen, og me er umåteleg stolte av at så mange år etter år velgjer å koma til øya vår for å bruka pinsehelga på handballfestival.

Me gler oss til liv og røre, til parade, til speleglede og sigershyl, til leikar, konsertar og show. Og hugs at sjølv om kampane og spelet ikkje alltid går heilt som ein ynskjer, så er det viktigaste å ha det kjekt saman og at alle får vera med.

Om me på Stord er stolte av å visa fram staden vår til alle som kjem reisande, er me ikkje mindre stolte av dei som gjer det mogleg å

gjennomføra festivalen. Handballfestivalen er Stord sin største dugnad, og blandinga av erfaring, entusiasme og godt humør hjå dei friviljuge er heilt avgjerande for å laga denne festen. Eldsjelene og andre friviljuge som år etter år bruker tusenvis av timar på arrangementet er dei som først og fremst fortener skryten arrangementet får frå deltakarar og andre som følgjer festivalen. Tusen takk til dykk alle.

Eg ynskjer alle som skal vera med på handballfestival lukke til!

Beste helsing

Jakob Bjelland
fungerande ordførar Stord



Handballfestivalavisa er laga i samarbeid mellom Mediehuset Sunnhordland og Stord Handball

Ansvarleg
Stord Handball:
RUNAR ØVREBØ

Ansvarleg
Mediehuset Sunnhordland:
MAGNE KYDLAND

Grafisk
produksjon
og trykk:

Sunnhordland
MEDIEHUSET



Mange seksåringar frå Hystad og Rømmetveit i som spelar handball for Stord. Oppe frå venstre: Ine Marie Huse Olsen, Thiril Hansson Vikene, Bertine Lunde Buchvold, Tuva Kismul Østvold, Mathea Eriksen Raunholm, Marie Handeland Sørebo, Nora Skorpen Wilhelmsen, Amalie Heggøy Kjelsnes. Midten frå venstre: Hannah Eriksen Raunholm, Olea Ekeberg Antonsen, Malin Andrea Kvamme Nipen, Julie Dahlgren, Alva Grov Sandvik, Elea Steenstrup Spissøy, Mathilde Askeland Larsen, Matilda Rubach Grov. Framme frå venstre: Rebekka Drange Haugland, Ridima Singh, Ingrid Selsås, Elida Kaldestadbakken, Camilla Furuhoode, Mie Søgaard, Martha Tyse Stokken, Milla Amundsen Hakestad, Hanna Kristina Drønen, Ingrid Refstie Hageberg. Ikkje til stades: Anna Lothe Dahl.



Jentene på Stord J6

Ser fram til å nytta dei nye draktene

Dei 26 jentene i tropen, som vert delte inn i fleire lag til festivalen har fått trykt på kampropet sitt på t-skjortene dei skal nytta som drakter.

Kampropet som går: «Rømmetveit! Hystad! Her er me! Yeah!» laga førsteklassingane frå dei to barneskulane i Nordbygdo sjølv, etter utfordring frå trenarane Else Marie Søgaard og Cecilie Eriksen Raunholm. No går kampropet fast, både før og etter kampar både i handball, men òg i fotball, som dei fleste av jentene spelar saman i Trott. Årets handballfestival vert

den første av truleg mange for jentene frå «nord om bekkjen». Dei gler seg til festen.

– Me skal spela seks kampar på to dagar og gler oss veldig. No håpar me berre at det vert fint vēr då kampane går utandørs, strålar jentene like før trening i fleirbrukshallen i Nordbygdo ein torsdag ettermiddag.

– Nokre av oss har vore med og sett på eldre søsken tidlegare, men det er første gongen me skal spela sjølv.

Samstundes gler me oss til å eta is mellom kampane, det er viktig, fortel jentene.

– Det vert òg kjekt å gå med dei nye draktene våre i handballtoget, skundar jentene seg med å leggja til.

Else Marie Søgaard som trenar dei unge jentene sa-

man med Cecilie Eriksen Raunholm fortel om ein engasjert gjeng.

– Dei laga kampropet på ei trening, og det var veldig kjekt at dei klarte å laga det sjølv. Det som er fint med

draktene er at dei får eit særpreg, og dei kan nytta dei òg i kampar mot andre Stordlag då dei er i andre fargar enn kvitt. No gler alle seg til Handballfestivalen, fortel trenaren som er inne i sitt første år med førsteklassingane frå Hystad og Rømmetveit.

– Me har ikkje spelt seriekampar i år, men dei har litt røynsle frå HaFo Cup og liknande, så det vert spennande, sluttar Søgaard.



Dei to trenarane. Cecilie Eriksen Raunholm og Else Marie Søgaard, har det travelt med om lag 25 seksåringar i aksjon i fleirbrukshallen i Nordbygdo kvar torsdag.

Familien Litlabø/
Havnerås ladar opp
til ny Handball-
festival. Før det
brakar laus er det
mange og viktige
detaljar som skal
på plass. Men med
smil og stil blir
jobben gjort.



Dugnadskongen sjølv.
Arve Havnerås

– Det er berre katten som er heime i pinsen. Heile Lyhau-
gen og familien Havnerås er på
dugnad under Handballfesti-
valen, smiler Aud Litlabø.

Dama med stålkontroll på
økonomi, både på Kverner og
i HF.

– Mamma lager system, er
ryddig og har alltid rett, kjem
det kjapt frå dottera Brita på
25.

Ho er flink med tal og gjer
det forståeleg.

Saman med Kari og Guro
(har fått permisjon frå HF på
grunn av studiar i Bodø), har
jentene vore vande med å

jobbe dugnad både med
Handballfestival, Puttefestival
og mange andre arrangement
året rundt

SEIER ALDRI NEI

Familien seier aldri nei til å
ta eit tak for både handball og
fotball.

– Eg burde vel eigentleg lese
til eksamen. Men i dag har det
gått i Handballfestival, seier
Brita, som studerer til verne-
pleiar.

Turen går til Haugesund
både torsdag og fredag. I hel-
gene er det ofte kiosk og alt
rundt arrangement til A-laget
i fotball.

– Det blir opplading med
eksamen før HF. Men det går
fint, seier jenta som har både
ein fotball og handballkarriere
bak seg.

ADMINISTRATIVE OPPGÅVER

– Eg har ikkje bein til fleire fot-
ballkampar. No blir det meir
på det administrative. 25-årin-
gen har gått i ein god skule hos
både mamma Aud og pappa
Arve.

Brita brenn for at dei som
sluttar i handball og fotball
blir tekne vare på og får andre
og viktige oppgåver.

– Det er viktig at dei får ve-
ra vidare med i miljøet. Alle

kan bidra og gjera noko. Det
er viktige for å ta vare på dug-
nadsanda, seier Brita, før ho
hiv seg over PC- og siste fin-
pussen før HF.

REKK IKKJE HEIM

Dette året må Guro stå over
Handballfestivalen. Eksamen
og travle tider i Bodø hindrar
21-åringen å vera med familien
under årets festival.

– Eg måtte og melde pass då
eg var på skule i USA. Men eg
har mange gode minner frå HF
både som spelar og med dug-
nadsjobbing. Men dette året
får Brita og Kari ordne opp for
oss, seier jenta midt i flokken
på telefon frå Bodø.

LADA OPP MED RUSSEFEIRING

Yngstesøstera Kari har lada
opp til HF med russefering og
tur til Kongeparken.

– Det har blitt ei roleg feiring
på meg. Eg har ikkje vore altfor
gira. Det er ikkje min stil. No
gler eg meg til Handballfesti-
valen, seier Kari, som og styrer
PC-en med trygg hand.

Men alt blir nøye følgt med
av Aud som sjekkar dei siste ta-
la på t-skjorter og deltakarkort

– Me har hatt jentene med
heile tida og lært dei opp. Dei
må lære seg kva dugnad er og
kva det betyr for lokalsamfun-
net. I denne jobben handlar
det om å vera smilande og blid
uansett kva ein blir møtt med.
Heile familien vår har fått my-
kje att for alle timane med dug-
nad. Me har fått ei god ballast i
ryggsekken som ein kan nytta
både i skulegang og seinare ar-
beidsliv. Kort sagt så gir dette
rein energi, seier Aud som sida
lenge før jul har jobba med HF.

– Dei første laga melde seg på
før jul og då kjem og innbeta-
lingane. Det er store summar
som skal på plass og kontroll-
sjekkas. Då er det godt å ha
mann og banksjef Arve i ryg-
gen.



Ein ekte dugnadsfamilie. Frå venstre Arve, Kari og Brita Hvanerås, og Aud Litlabø til høgre.

”

**Eg like at folk
smile og har det
kjekt når me står
på med dugnad**

Arve Havnerås

TEL PENGAR

Han tel nemleg pengane, smi-
ler breidt og får dei trygt plas-
sert i bankkvelvet til Spare-
banken Vest på Leirvik.

Arve og Aud har begge blitt
heidra med heidersmerke for
lang og tro teneste for idretts-
laget både som trenarar, opp-
mann og andre administrative
oppgåver. Arve har til dønnes
vore fotballtrenar i ei årrekkje,
og er framleis med rundt da-
mefotballen.

– Eg like at folk smile og har
det kjekt når me står på med

dugnad. Mottoet mitt er smil
og kvalitet i alle ledd. Me job-
be med menneske og må vera
smidige for å motivere dei til
å ta i eit tak på fritida si, seier
Arve. Denne kvelden kjem han
rett frå dugnad. Sjølv om klok-
ka passerer 22.00 er dagen og
HF-arbeidet ikkje over.

LADAR OPP I SPANIA

Etter mange timar Handball-
festival, set heile familien seg
på flyet til Malaga i juli. Her
ventar sommarhus og idyll
i den koselege spanske byen

HEILE FAMILIE



Nerja. Tre veker under sol og blå himmel gir familien Litlabø/Havnerås ny energi til å gå laus på Puttefestivalen i august.

– Her slappar me av og fuller på med ny energi i tre veker, seier Aud og Arve.

Aud'n har og lagt inn ein treningsleir med åtte andre handballvenninner i huset i Nerja like før HF:

Her er stemninga høg og dei glade venninnene lever det gode liv. Før dei set kursen mot Vikahaugane og travle dagar under Aud 'n sitt departement i sekretariatet.

RUNAR ØVREBØ



Mor og dotter førebur seg til ny festival.
Brita Havnerås (t.v.) og Aud Litlabø.

Brita Havnerås

Fødd: 28. mai 1992

Har spela både fotball og handball

Student: Vernepleie

Favorittmusikk: Høyre på all god musikk

Mi siste leste bok: Skulebøker

Ferieparadis: Nerja, Spania

Det irriterer meg: Folk som mobbar

Idrettshelt: Pappa og mamma

Kari Havnerås

Fødd: 4. april 1998

Har spela både fotball og handball (lagt opp)

Skule: Russ på Stord Vidaregåande

Favorittmusikk: Alt mogeleg

Mi siste leste bok: Skråningen

(om barnemishandling)

Ferieparadis: Nerja Spania

Det irriterer meg: Klaging og syting

Idrettshelt: Mamma og pappa

Guro Havnerås

Fødd: 16. august 1995

Har spela både handball og fotball

Studerer til sosionom i Bodø

Favorittmusikk: Open for alt

Mi siste leste bok: «Øya»

Ferieparadis: Nerja, Spania

Det irriterer meg: Når eg ikkje får viljen min

Idrettshelt: Karoline Dyhre Breivang

Aud Litlabø

Fødd: 3. desember 1963

Yrke: Controller Kværner

Trenar, oppmann, og styreverv i Stord IL

Aktiv i all dugnad

Favorittmusikk: Jazz, Al Jarreau,
(Økonomiansvarleg i Thea Jazzklubb)

Mi siste leste bok: Jo Nesbø

Ferieparadis: Nerja, Spania

Det irriterer meg: Dårlege orsakingar for ikkje å kunne stille opp

Idrettshelt(ar): Brann (Sat på VIP og såg

Molde bli knust. Stort!!!)

Me syng nystemten i bilen oppover.

Arve Havnerås

Fødd: 4. mai 1964, Fitjar

Yrke: Banksjef Sparebanken Vest

Gift med: Aud

Har aldri spelt ein handballkamp

Har vore og er fotballtrenar i 16 år. 9 år med i Danacup.

Har sete i styre og stell i Idrettslaget i mange år.

Favorittmusikk: Så lenge rytmen er bra så drite eg i teksten.

Mi siste leste bok: Jo Nesbø

Ferieparadis: Hjørring og Danacup Me vant i 2016!!

Det irriterer meg: Unnasluntring

Idrettshelt: Anne Migliosi, Gjerpen og Landslaget

N PÅ DUGNAD

Strekkjer seg ette

Sjølv om både far og bror via seg til fotballen vart det handball for Oda Kyvik Skard (17).

Medan storebror Johannes (20) har etablert seg som kaptein for A-laget til Stord med stor ball, er litesøster Oda i ferd med å slå seg inn på damelaget i handball. Begge ungdommane er kjende for å ha snakketøyet i orden, men Oda er likevel ikkje klar for kapteinsrolla på damelaget heilt enno.

– Det ligg jo til familien å snakka mykje medan me spelar, og eg har vore kaptein på J16-laget. Eg vert nok likevel ikkje kaptein på damelaget med det første, men kanskje om nokre sesongar, seier Oda.

VIL OPP I 1. DIVISJON

Damehandballen på Stord har fått eit løft dei seinare åra, og strekspelarane fortel at damelaget har alvorlege hensikter kommande sesong.

– Denne sesongen som kjem så satsar me på å komma opp ein divisjon. Me kom jo på andreplass i 2. divisjon år, så det er ikkje urealistisk, konstaterer kapteinsemnet.

Sjølv om dei to søskena ikkje driv med same idrett er det fleire likskapar mellom dei når dei går ut på banen.

– Me er ganske like på banen. I tillegg til snakkinga er jo eg strekspelar og er sterk og best i forsvarsspelet, i tillegg kan me begge verta ganske sinte på dommaren, fortel Oda, som går første året på idrettslina ved Stord vidaregåande skule.

– Og dersom me taper så blir me på rommet resten av kvelden. Så går det begge vegar med mobbing når den eine sitt lag har tapt, medan me skryt av den andre dersom det har vorte siger, legg Johannes til.

DRAKTNUMMER 25

I tillegg kjem det fram at begge to spelar med draktnummer 25 på ryggen, noko som ikkje er tilfeldig.

– Det er ei hyllest til bustadadressa vår – Luren 25, gliser dei to som trødde sine barne-sko på Leirvik skule.

Konkurransenstinkt er ikkje vanskeleg å vekkja i søskena, og dei er ikkje tunge å be når Runar Øvrebø kjem forbi og skisserer ei lita tevling i kulestøyt. Storebror garanterer at han ikkje kjem til å tapa for søstera sjølv om ho spelar handball, og med minimalt med førebuing og oppvarming kliner han til med 7.85 i sitt ei-



Oda Kyvik Skard sa seg nøgd med 6.90 i sitt kulestøyt.



Johannes Kyvik Skard fekk opp 7.85 i sitt kulestøyt og var godt nøgd med det.



Handball. Oda spelar på damelaget til Stord, som kom på andreplass i 2. divisjon i år.

naste støyt. Oda brukar først eit støyt på å få inn teknikken, men seier seg nøgd med å ha fått opp 6.90 i sitt teljande støyt.

– Eg kan ikkje øydeleggja husfreden, så eg trur me seier det er greitt, smiler Oda.

– Ikkje overraskande, inkluderer Johannes.

Pappa Oddvar Skard er ein velkjend figur i fotballmiljøet på øya, for Oda var det likevel heilt naturleg at det vart handball.

LIKTE HANDBALL BEST

– Eg spelte vel fotball til eg gjekk i 5. klasse, men då eg byrja på handball i 4. klasse fann eg ut at det var kjekkast, sjølv om Johannes spelte fotball og pappa er engasjert i fotballgruppa, fortel Oda.

– Eg brukte nok veldig mykje tid på laget til Johannes og dei, samstundes var det handballforeldre som Rune Pedersen i Oda sin generasjon. Då var det naturleg at det vart handball for ho, så tykte ho jo handball var kjekkast og, kommenterer pappa Oddvar, før han understrekar at han går og ser handball også.

Oda og Johannes er heller ikkje dei einaste unge håpefulle med etternamn Kyvik Skard. Litesøstrene Astrid (9) og Frida (11) er nokre år yngre enn Oda og Johannes, men heller ikkje for dei er det gitt at dei vert fotballspelarar.

– Det ser ut til at det vert handball for ei og fotball for ei med dei to yngste og, sluttar ei positiv og blid Oda Kyvik Skard, som gler seg til dei kommande sesongane med eit damelag på frammarsj.

EIRIK STRØMME SPJELD



Idrettsfamilie. Pappa Oddvar Skard med Johannes og Oda.

r storebror



Danske gjester til Handball- festivalen

Samarbeidet mellom Viborg og Stord Handball har ført til at under årets Handballfestival kjem to guttelag frå Team Tvis Holstebro. Troppen frå Jylland er på 16 spelarar og fire trenarar. Dei danske drengje gler seg til å kome til Stord og har sendt følgjande helsing.

” Tvis Håndbold glæder sig til at deltager i dette årets udgave af Handballfestivalen med et U10 og et U12 hold. Alle drengene er en del af en breddeklub, som er kendt for sin store ungdomsafdeling, hvor mange starter med at spille håndbold allerede som 5 årig.

Tvis Håndbold blev stiftet i 1942 og kan derved i år fejre 75års jubilæum.

I år 2000 ble Tvis en del av elitesamarbeidet TTH (Team Tvis Holstebro) som i dag spiller i landets bedste række med både herre og damerne.



BESØK VÅRT SALGSTELT FOR GODE HUMMEL-TILBUD



hummel

sport 1
ekte sport.

Fritids-aktiviteter



LAURDAG 3. JUNI

Sandvolleyballbanen står til disposisjon for deltakarane.
Bestilling av bane i sekretariatet kl. 08:00 – 23:00

- **Tog frå Leirvik skule.** Oppstilling frå kl. 11:00, avgang kl 11:30. Beste innslag i toget vert premiert.
- Ordføraren ynskjer velkommen til Stord, og helsar frå Stord Kommune.
- **Opning Handballfestivalen på Torget kl 12:00** v/ Eivind Tangen
- Turnerings-eiden vert lest opp av Johanne Skjerven Valland og Mats Mikkelsen Sæther

■ Bading i Kulturhuset (påmelding i Sekretariatet)	kl. 15:00 – 21:00
■ Kanopadling i Vikastemmo (andedammen)	kl. 15:00 – 19:00
■ Funballz ved Grasbanen	kl. 13:00 – 19:30
■ Hoppeslott ved Grasbanen	kl. 13:00 – 19:30
■ Grillfest (skuleplassen ved Stord Vidaregåande skule, Gymnaset) Varme grillar til bruk for deltakarane	kl. 19:30 – 23:00
■ Spinae Company /v Magdalena dansar på Wärtsilä-scenen	kl. 20:30 – 21:00
■ Stord Event Band spelar	kl. 21:00 – 22:00

SUNDAG 4. JUNI

Sandvolleyballbanen står til disposisjon for deltakarane.
Bestilling av bane i sekretariatet kl. 08:00 – 23:00

■ Bading i Kulturhuset (påmelding i Sekretariatet)	kl. 09:00 – 21:00
■ Kanopadling i Vikastemmo (andedammen)	kl. 12:00 – 15:00
■ Funball ved Grasbanen	kl. 11:00 – 18:00
■ Hoppeslott ved Grasbanen	kl. 11:00 – 18:00
■ Frida Nygård på WÄRTSILÄ SCENEN	kl. 20.30
■ Stormy Weather Shanty Choir	kl. 21.00

MÅNDAG 5. JUNI

Sandvolleyballbanen står til disposisjon for deltakarane.
bestilling av bane i sekretariatet kl. 08:00 – 17:00

- **Fair play:** Etter J13, A-finalen.
- **Allstar:** Etter at finalane i dei aktuelle klassane er ferdige. (G/J 13 og 14)
- **A-finalane** går i Nyehallen og **B-finalane** i Gamlehallen måndag.
- **Flotte premieseremoniar** i Nyehallen, fortløpande etter kvar finale, frå ca. kl. 12.00 – 18.00.

ALLE ER VEKOMNE PÅ TRIBUNEN I NYEHALLEN
TIL DENNE FLOTTE OPPLEVINGA!

TURNERINGSREGLAR

Her finn du turneringsreglane som gjeld for Handballfestivalen. Dersom det er nokre av desse du lurar på - eller om du saknar noko - ta kontakt med oss!

ÅRSKLASSAR OG SPELETID

Turneringa er for jenter og gutar frå 7 til 16 år. Klasseinndelinga følgjer nye årsklassar (den klassen dei skal spela i 2016/17).

KLASSE	SPELARAR	SPELETID	BALL (J/G)
Mini (fødd 10/09):	3 + flyvande keeper	2 x 10 min	Str. 00 / Str. 00
Mini (fødd 2008)	3 + flyvande keeper	2 x 10 min	Str. 0 / Str. 0
J/G 10 (fødd 2007):	5 + fast keeper	2 x 10 min	Str. 0 / Str. 0
J/G 11 (fødd 2006):	5 + fast keeper	2 x 10 min	Str. 0 / Str. 0
J/G 12 (fødd 2005):	6 + fast keeper	2 x 10 min	Str. 1 / Str. 1
J/G 13 (fødd 2004):	6 + fast keeper	2 x 10 min	Str. 1 / Str. 1
J/G 14 (fødd 2003):	6 + fast keeper	2 x 10 min	Str. 1 / Str. 2
J/G 15 (fødd 2002):	6 + fast keeper	2 x 15 min	Str. 2 / Str. 2
J/G 16 (fødd 2001):	6 + fast keeper	2 x 15 min	Str. 2 / Str. 3

Kun klister i J/G 15/16

Ved stor påmelding vil me vurdere å begrensa antal lag i kvar klasse til 36. Her gjeld prinsippet «først til mølla» (det kan vera at lag som melder seg på innan fristen ikkje får bli med - dette vil de få svar tidleg på). Ved for få lag i ein klasse, kan den bli slått saman med ein annan klasse.

PULJER / SPELESYSTEM

Laga vert delt inn i puljer. I utgangspunktet vil det vera fem lag i kvar pulje. Dette gjev kvart lag minst fem kampar; fire innleiande kampar + minst ein sluttspelkamp. Alle laga går vidare til sluttspel. Dei beste i pulja går til A-sluttspill, resten går til B-sluttspill. I aktivitetsserien (til og med 11 år) spelar ein tre kampar laurdag og tre kampar søndag.

Me kan diverre ikkje ta omsyn til særlege ynskjer vedrørende kollisjonar av kampar i 7-11-årsklassane. Når det gjeld eldre klassar kan me heller ikkje lova noko på førehand vedrørende oppsettet - men me vil gjera vårt beste for at kampane ikkje kolliderer.

Ein spelar kan ikkje spele på to lag i same klasse. Brot på denne regelen vil medføre at det laget som lånar ein spelar tapar kampen.

KAMPARENA

Me spelar kampar i fire hallar og mange

banar utendørs. Dei eldste klassane spelar inne. Alle A- og B-finalar vert avvikla inne. Ute spelar me på kunstgrasbanen og gras (hugs eigna sko, men IKKE fotballsko med knotter).

Det er i utgangspunktet IKKJE sekretariat på kampene. Dommarane har kontroll på tidtaking og målprotokoll.

DISPENSASJON FOR ALDER OG KJØNN

Me følgjer reglane som gjeld for Region Vest når det gjeld alder.

Kjønn: I klassane G12-14 år kan ein ha 2 spelarar på banen på kjønnsdispensasjon (Med fulle rettar i turneringa.)

Dispensasjon på alder: laget blir plassert sist i pulja etter innleiande runde, og spelar første sluttspillkamp, men tapar denne.

ALLE dispensasjonar skal vere godkjente på førehand av festivalen. Send søknad.

JURY

Det vert sett ned ein turneringsjury med arrangørens representant som leiar. I tillegg skal juryen bestå av ein nøytral leiar frå eit gjestande lag, samt ein representant frå dommarane. Eventuelle protestar må følgja NHF's protestreglement, og protesten må stadfestast skriftleg til juryen seinast 30 minutt etter kampslutt. Protestgebyret er på kr 750,- og må betalast saman med protesten.

SPELARREGISTRERING

Av sikkerhetsmessige og sportslege årsakar må alle levera inn lagslister. Spelarar kan registrerast ved påmeldingen. Her kan ein også endra på spelarar heilt fram til festivalstart. Spelarlisten kan også sendast til Stord Handball eller leverast når laget kjem.

TABELL / POENGBEREKNING / SLUTTSPEL

2 poeng til vinnar, 1 poeng ved uavgjort, 0 poeng ved tap. Ved likt antal poeng i puljespel vert rekkefølga satt slik:

- 1) Innbyrdes kamp (om meir enn to lag har like mange poeng vert det "ny" tabell for desse laga).
- 2) Målskilnad innbyrdes kampar
- 3) Flest scora mål i innbyrdes kampar
- 4) Målskilnad alle kampar i pulja
- 5) Flest scora mål alle kampar i pulja
- 6) Loddtrekning

Eit lag må spela alle innleiande kampar for å komma til A-sluttspellet. Lag som spelar med dispensasjon er merka ** i kampoppsettet, og endar sist i puljespelet. Dei får spela første kamp i B-sluttspellet, men vil uansett tapa denne kampen.

I sluttspellet vert "første målet vinn" nytta ved uavgjort resultat etter ordinær tid. I sluttspellet kan ein nytta inntil fem minuttar med speleforlenginga ved fortsett uavgjort resultat. Dersom stillinga er uavgjort etter speleforlenging, vert

kampen avgjort ved myntkast. Dersom eit lag ikkje møter til kamp, ventar dommararen maksimalt i fem minutt før fram-møtte lag vert tildelt sigeren.

I finalane vert det spela "første mål vinn" inntil kampen er avgjort. Ved uavgjort resultat etter ordinær tid i sluttspellet vert det nytta loddtrekning for å avgjera kva lag som skal starta med ballen når det skal spelast "første målet vinner".

FØRSTE AVKAST

Laget som står først i kampoppsettet startar med ballen, og startar til venstre for sekretariatet. Det er også dette laget som har ansvar for draktskifte dersom det er behov for dette.

PREMIERING

- Lags premie (pokal) til finalelaga i A-sluttspel og pokal til vinnaren av B-sluttspel (J/G12-16)
- Individuelle premiar til finalelaga i A-pulja (maksimalt 15 premiar pr. lag)
- Høgtideleg premieutdeling i Nyehallen måndag formiddag for alle spelarane i J/G 7-12 år *
- Kåring av Fair Play-klubb på finaledagen.
- All Star-lag vert kåra i klassane J/G13 og J/G14.
- Beste klubb vinn kr 10 000,- (Vert utbetalt på finaledagen)
- Nest beste klubb vinn kr 5 000,- (Vert utbetalt på finaledagen)
- Stord deltek ikkje i Beste Klubb-konkurransen.

* Måndag kl. 11.00 vert alle laga til og med J/G 12 samla utanfor Nyehallen (mot Ungdomsskulen). Det vert då innløping hand-i-hand for alle spelarar, trenarar og oppmenn. I hallen vert det da litt show kring denne medaljeutdelinga, og med stappfulle tribunar med foreldre kan dette virke noko kaotisk, men dette er ein fin tradisjon som alltid skapar god stemning.

HANDBALLFESTIVALEN 2017

BANE Nr.

1. Nyehallen
2. Gamlehallen
3. Rackethallen
4. Nordbygdohallen
5. Glass og Byggtknikk
6. Grov Grasklypp
7. Stord Hotel
8. Rema 1000
9. Se og bli sett
10. Bladet
11. Sunnhordland
12. Haugaland Kraft
13. Sparebanken Vest
14. Kværner
15. Sunnhordland Eiendomsinvest
16. Hummel
17. Vest Lydservice
18. Sport1
19. Zpirit
20. Bakeriet Frugård
21. Kjeldsberg Kaffi
22. Tennisbanen
23. Altibox 1
24. Altibox 2
25. SKL
26. Wärtzilä

Bane 15-20 er i Prestegardsskogen



PRAKTISK INFORMASJON

SEKRETARIAT

Sekretariatet er i Nyehallen, forbi sjøvehallen, i Konferanseavdelinga. Her får du hjelp til det meste. Det er betalingsterminal i sekretariatet, og mogleg å ta ut pengar der! I tillegg er det betalingsterminalar i grillteltet, og i Hovudkiosken i Nyehallen.

Sekretariatet er ope mellom kl. 08:00 og kl. 24:00 (stenger kl. 23:00 på fredagen)

Turneringstelefon:
53 40 09 90

TRANSPORT UNDER FESTIVALEN

Dei laga som bur på skular utafor nærområdet til Vikahaugane, kan bestilla transport til og frå overnattingsstaden. Dette kan gjerast ved å ringa til telefon 97537473.

Bestill transport i så god tid som mogleg. Transport er inkludert i kortavgifta. Send SMS om du ikkje får svar med ein gong.


SERVERING AV MAT I "TURNKASSEN"

Frukost og middag vert som vanleg servert i Turnkassen vegg i vegg med "Nyehallen". Det vert følgjande opningstider:

Laurdag:
Frukost 06:30 – 10:30
Middag - Taco 13:00 – 17:00

Sundag:
Frukost 06:30 – 10:30
Middag - Kjøttkaker 13:00 – 17:00

Måndag:
Frukost 06:30 – 10:00
Middag - Lapskaus 12:00 – 15:00



INFO Aktivitet etc. (A)

- A. Sekretariatet
- B. Kantine
- C. Oppstillingsstad paraden
- D. Førstehjelp
- E. Buss til Nordbygdohallen/ Prestegardsskogen
- F. Grillfest
- G. Kanopadling
- H. Funballz og hoppeslott
- Hs. Hjartestartar
- I. Sandvolleyballbane
- K. Oppstillingstad premieutdeling
- M. Basseng. Stord kulturhus
- P. Parkering
- S. Mattelt
- W. Scene

OVERSIKTSKART



FØRSTEHJELP/SKADESTOVE
Førstehjelparane er stasjonert i sports-senteret (inn døra og til venstre). Kontakt med lege eller tannlege skjer gjennom dei på skadestova.

VIKTIG OM KAMPOPPSETTET
Siste versjon av kampoppsettet/resultat er tilgjengeleg på heimesida www.handballfestivalen.no. Det ver t utvida trådlaut nettverk under festivalen.

PREMIEUTDELING
For alle spelarar, til og med 12 år, vert det medaljeseremoni i Nyehallen måndag kl. 11.00. Lag, med lagleiarar, stiller opp på baksida av Nyehallen seinast kl. 10.45. (Mrk. K i kartet).

TRYGGLEIK
Det vert lagt stor vekt på tryggleiken til deltakarane. Foreldre og klubbar som sender born/ ungdom til Stord under Handballfestivalen, skal veta at trygglei-

ken er ivareteken. Handballfestivalen er sjølvsgagt eit rusfritt arrangement. Dersom brannalarmen går – forlat skulen straks. Lagleiar skal samla laget sitt utafor skulen (på avtala samlingsplass eller ved flaggstong på skuleplassen). Lagleiar er ansvarleg for oppteljing av sine lag, og melder tilbake til vaktane.

NB! ALLE LAG MÅ PAKKA OG SJEKKA UT ROMMA SINE INNAN KL. 10.00 PÅ MÅNDAG!

PARKERING
Sjå oversiktskart med oppmerka parkeringsplassar!



Stein Sele

Fødd: 2. juni 1958, Stord

Yrke: Økonomileiar

Far til: Kjetil, Christine, Rannveig og Markus

Bustad: Rett utanfor Lillestrøm i Rælingen kommune. Jobba på Stord Verft frå 1976-1980, Aker Elektro 1980-1999, Leithe & Christiansen i Oslo frå 1999.

Har vore oppmann, kasserer og leiar for Stord handball frå slutten av 70-talet og i nitten år utover. Var med i dei fire første åra med Handballfestival.

Favorittmusikk:

Country/Dansebandmusikk

Mi siste leste bok:

Rekneskap og fagforeining tar det meste av tida...

Det irriterer meg: Det er ikkje ofte, men det må bli noko ute i trafikken.

Ferieparadis: Cuba og Páskeøya. Skal til Den Dominikanske republikk til sommaren.



Varmt gjensyn etter 20 år

Etter 20 år borte frå Handballfestivalen er Stein Sele med att for fullt.

– Det var som å komme tilbake til gamle venner. Mange av dei same folka er framleis med og eg blei varmt motteken då eg dukka opp att i 2015. På ny har Stein fått smaken på dugnad og stemninga under HF i pinsen.

TRADISJONAR

Det blei eit rørende gjensyn med gjengen som har ført HF-tradisjonen vidare sidan oppstarten i 1989.

Dreieboka og ideane til Arne Steinsvåg har blitt ført vidare, men berre blitt betre og vidareutvikla. Toget og stemninga på torget må ein berre oppleve. Det er noko av det største med HF. I starten var det ikkje så mange som kledde seg ut. No er det nærmast eit reint karneval der alle er med i fargerike kostyme, seier Stein Sele.



Diverse gensarar frå Stein Sele si tid i handballmiljøet på Stord. FOTO: PRIVAT

SOV TRE TIMAR

– Då sat eg oppe heile natta og laga til dommarrekningar og talte pengar. Det blei ofte berre tre timar søvn i løpet av helga. Eg hugsar og turane ned til Sparebanken for å få pengane trygt plassert i natt-

safen. Det likte eg ikkje så godt, men heldigvis hadde eg vaktar med meg.

– Korleis kom du med i handballgruppa til Stord?

– Det heile starta med at eg skulle herde Hans Madsen som stod i mål. Jobben min vår å skyta han «midt i trynet». Sidan blei eg oppmann for herrelaget som då spelte i 5. divisjon, fortel han.

Stein treivst godt med jobben og fort var det Stein som styrte klubben. Med sitt gode humør kontrollerte han det meste frå sitt kontor på Aker Elektro.

STATISTIKK

Stein hadde orden på det meste. Både med økonomi og statistikk. Mål og talet på kampar blei nøye ført inn. Etter sesongen vanka det pokalar og andre heidersmerke på årsfestane for dame og herrelaget. Ofte på Fjellstova eller Idrettsstova på Ås.

Men då herrelaget og damelaget opplevde opprykk og suksess forsvann den blide Stein Sele ut av handballma-

nesjen. Turen gjekk til Lillestrøm. Ny jobb og fokus på fagforeining og nøyaktige rekneskap.

Men frå sin base var ofte Stein ein ivrig heiagjeng då herrelaget til Stord vitja Elverum, Nøtterøy og Runar.

– He he, eg sat ofte åleine på tribunen og heia på Stord i både gode og dårlege tider.

Den største oppturen fekk han då Stord med Bjørn Lindgård i spissen klarte opprykket til eliteserien. Det skjedde i Fethallen 1. mai 1999.

Saman med sin gode venn Arne Steinsvåg, fekk Stein opplevde den sportslege bragda ringside i Fethallen.

Damelaget til Larvik fekk og ofte vitjing av den blide stordabuen. Her var klart Karoline Dyhre Breivang favoritten.

– Det artige var at eg hamna på det same quiz-laget til Karoline med namnet Team Karo. Det er mange gode minner frå mi tid med både Handballfestival og handballkampar. Overalt møter du på kjeke folk.

LURT

Kva med Stord-herrane no i 2. divisjon?

– Klart det var vemodig å sjå dei rykkja ned. Men det var klokt av klubben med Øyvind Nyhammer og Sigurd

Sævareid i spissen, og stikke fingeren i jorda og ta ansvar då pengane mangla. Det står det respekt av.

– Men Handballfestivalen lever vidare?

– Den har blitt enormt populær og har komme for å bli, seier Stein Sele.

Dagen før det brakar laus, 2. juni tar han seg tid til å feire sin 59-årsdag. Betre plass enn på Vikahaugane kan det ikkje bli for handballentusiastene. Sidan blir det lite kaka og feiring, men mange timar med dugnad og registrering av resultat.

Og i handballtoget ned mot Leirvik vil du finne Stein Sele saman med gamle gode handballvenner.

Her er den nye «sikkerhetsjefen»

Arne van der Hagen er godt førebudd og klare til å rykkje ut om det skulle vera noko.

– Mobilen står på 24 timar under HF, men eg håper det blir litt søvn på meg, seier den nye og blide «sikkerhetssjefen»

32-åringen har sitt daglege arbeid på Stord lensmannskontor. Her har han sett det meste og veit kva han går til.

– I min jobb er dialog det viktigaste våpenet. Under patruljering møter du ofte folk i krise. Då handlar det om å

forstå og løyse dette på beste måte ut frå tilhøva, seier Arne van der Hagen

BEREDSKAPSPLAN

Det var kollega Dag Vidar Nordhus som la grunnlaget for ein beredskapsplan.

– Gjennom eit studie ute på HSH laga me ei oppgåve rundt tryggleik. Den blei teken i bruk i fjor. Her handlar det

om å ta vare på liv og helse og eit godt omdømme for organisasjonen Handballestivalen. Gjennom denne planen ønskjer me å sikre alle deltakara eit best mogeleg opphald.

Planen er bygd opp slik at kriseleinga blir mobilisert alt etter kva hendingar som skjer.

Fekk de bruk for planen i fjor? Me hadde litt magesjau og deler av staben fekk situasjonen kartlagt og fort under kontroll.

Me oppdaga og ein laus høgtalar i Nyehallen midt under finalekampene. Det blei ordna kjapt og det blei berre ei lita forsinka.

PROAKTIVE

– Me håpar at me mest mogeleg slepp å bruke planen. Men det nyttar ikkje å vera naive. Me må vera proaktive og ha tenkt gjennom det meste på førehand.

Kva er det verste som kan skje under HF?

At folk blir sjuke eller skada. Mange lever tett på og kan fort bli smitta. Då er det viktig å sette inn hjelpetiltak. Både gjennom sanitet og lege.

I fjor var mange legar og sjukepleiarar i aksjon på Vikahaugane og tok unna det som kom.



Arne van der Hagen

Fødd: 2. november 1985

Yrke: Politibetjent Stord lensmannskontor (3 ½ år)

Leiar for tryggleik under Handballfestivalen

Sambuar med Lisa Nyhammer

Har spelt handball opp til og med G16.

Blei tidleg dratt med i handball på grunn av foreldra, Helga og Carl van der Hagen

Favorittmusikk: Jan Ove Ottesen/Kaizers Orchestra

Mi siste leste bok: Wienerbrorskapet av Ingar

Johnsrud (krim)

Ferieparadis: Farsund (Familiehytte)

Då blir eg irritert: Ute i trafikken, eller når dataen

er treg

Idrettshelt: Aksel Lund Svindal

”

Me har høgt fokus på at alle skal føle seg trygge under Handballfestivalen på Stord, seier sjefen for tryggleiken

Arne van der Hagen

Me kan vera ein støtte til naudetatar ikkje løyse dette. Men som sagt me skal ha eit positivt fokus på denne festivalen. Det er det beste for alle partar.

TØFFING

Det er ingen tvil om at årets «sikkerhetssjef» toler ein støyt. Gjennom lokalavisa blei han presentert som isbadar på sjølve julaftan.

– Eg har fått mykje tyn for denne reportasjen. Det var kameraten min Bernt Vinsnesbakk som lokka meg til denne galskapen. Betre blei det ikkje at bladfyk og fotograf Marius Knutsen bestilte fotograf.

– Du blei presentert som Rambo i bølgiene. He-he nei, der er Robert Delis kongen når det gjeld isbading.

Korleis følast det med 2 grader i vatnet? Det er surt og kaldt men godt etterpå, seier Arne som har skumle hensikter etter denne episoden.

– Marius kan vente seg noko. Men kva det blir vil eg ikkje røpe her, seier Arne van der Hagen.

Denne helga vil det handle lite om bading, men mest om tryggleik, og at alle skal ha det trygt og godt under årets Handballfestival.

Kor fort kan staben vera operative?

– I løpet av femten minuttar skal me vera klare til innsats.

POSITIV FOKUS

Me lever i ei verd med stadige terrorangrep seinast mot Manchester Arena. Kva tankar gjer du deg om det opp i ditt arbeid?

– Situasjonen i verda er i stadig endring. Vår beredskap er ikkje dimensjonert for terrorangrep. Her snakkar me om nasjonal støtte og beredskap.

Håpar på edru foreldre

Stord-innbyggjarar meiner foreldre ikkje bør drikke i samband med idrett

– Fantastisk at folk i Stord viser godt alkovit, seier Kari Randen, dagleg leiar i AV-OG-TIL.

Nesten 99 prosent av innbyggjarane i Stord kommune meiner at ein ikkje bør drikke alkohol når ein er med som foreldre på idrettsarrangement. Det er eit høgare tal enn landsnittet på 92 prosent. Dette kjem fram i ei fersk undersøking som Ipsos har gjort på oppdrag frå alkovitorisasjonen AV-OG-TIL blant innbyggjarane i Stord.

– Det er fantastiske nyheiter for idretten i Stord. Det viser at innsatsen som har blitt lagt ned over fleire år, har betalt seg. Idrett og alkohol høyrer ikkje saman, konstaterer Randen.

– Det handlar om å tenkje seg om Stord kommune er ein AV-OG-TIL-kommune og samarbeider dermed tett med alko-



Kari Randen manar foreldre til å ikkje nytta alkohol når ein er med borna på idrettsarrangement, slik som Handballfestivalen.

vitorganisasjonen om førebygging lokalt. SLT-koordinator Bjarte Straume Epland er ansvarleg for AV-OG-TIL-arbeidet i kommunen. Han er glad for at kommunen peiker seg ut med gode haldningar.

– Denne undersøkinga stadfester at folk i Stord viser positive haldningar. Me ønskjer å halde fram arbeidet for å sikre at me alle viser godt alkovit, også på sidelinja eller tilskodarplassen. Alkovitt handlar

om å tenkje over om du skal drikke, og når du skal stoppe, konstaterer Epland.

Han kan ikkje få fullrost idretten i Stord.

– Arbeidet idretten gjer, har mykje å seie for førebygginga.

Idretten er ein viktig arena der me lærer normer og verdiar. Difor er det flott at mange i Stord meiner idretten bør vera ein rusfri arena, seier Epland.

IDRETTE FEMNER MANGE

Randen peiker på at idretten femner svært mange, og at det difor er ekstra viktig å vise alkovit der.

– Tal frå Folkehelseinstituttet viser at 90 000 barn veks opp med ei mor eller ein far som har hatt eit problematisk alkoholforbruk det siste året. Me skuldar desse barna at dei får møte ein trygg og alkoholfri idrett, seier Kari Randen. AV-OG-TIL tilbyr hjelp og støtte til klubbar som vil utvikle retningslinjer for alkohol, eller som treng hjelp til å vise til foreldre og trenarar at dei er ein trygg klubb, gjennom konseptet Sjå & bli sett. Stord handball er ein stolt Sjå & bli sett-klubb og oppmodar flest moglege klubbar til å bli det same. – Det er eit velprøvd verkøy som meir fungerer. Dei vaksne må sjå alle barna i klubben og vera klar over at dei sjølve er rollemodellar, forklarar Randen.

Kvalitet og smil i alle ledd

Desse vil du møte under Handballfestivalen. Alle står dei klar til å hjelpa om du spør. Med sine fargerike t-skjorter står dei på for at du skal trivast og skal få den hjelpa du treng. Berre ta kontakt. Me prøver så godt me kan.

Her er fargekodane:

-  Sanitet
-  Sport
-  Kiosk/Kjøkken/mat
-  Foreldredugnad
-  Handballfestivalkomiteen



Her er dei ulike fargane: Oline Nordhus (kvit), Sylvia Linn Jonsson (blå), Nora Eriksen (oransje), Celina Hauge Vatna (raud) og Andreas Sjo Holm (grøn).

Eivind Tangen



Typisk Tangen. Satsar alt i tøff duell.

Konge på YouTube

Seertallene forteller at de fleste nordmenn satt benket foran tv skjermen i januar. Håndballgutta spilte seg inn i hjertet til sportselskende nordmenn. En tid hvor vi normalt sett heier frem Petter Northug, Marit Bjørgen og Aksel Lund Svindal.

I førjulstiden har vi vært bortskjemt med håndballjenter som gir oss pause fra juleshopping og skaffet oss medalje etter medalje. Januar har vært forbeholdt sportssendinger på NRK med ski under beina.

Helt til nå. Etter semifinaletapet i Polen 2016 har håndballguttene seilt opp som nye publikumsfavoritter. Nok en gang klarte håndballguttene å spille seg frem til semifinale. Hvem kan glemme strafferedningen som sikret ekstraomganger.

I finalen ble stormakten Frankrike for solide. Erfaring og rutine slo ungdommelig pågangsmot fra de fremadstormende norske.

Nå skal vi bli bedre kjent med en av de sentrale bak suksessen i januar. Bergenseren, Eivind Tangen. Guttet med straffekastet.

Eivind forteller at han var kommet godt i gang på skolen før han entret håndballgulvet i Kjølkelvik. Der var det en gjeng gutter som var i gang med trening. Han lot seg friste og siden har han ikke sett seg tilbake.

Det var mye lek og lystbetont trening, minnes Eivind.

Jeg var ganske stor for alderen så selv om guttene var litt eldre en meg følte jeg at jeg fikk en god start.

Vi hører du har vært på håndballfestivalen tidligere?

– Ja, vi begynte tidlig å dra til Stord i pinsen for å delta på håndballfestivalen. Det var alltid ett høydepunkt. Bare det å få reise med ferge, møte nye lag og ikke minst overnatte på skole var utrolig moro. I tillegg så fikk vi oppleve å vinne her turneringen, så det er ikke mange dårlige minner, sier Eivind.

Jeg husker ett år vi ikke skulle ned her med laget, tror jeg var 13-14 år. Da bestemte jeg og en kamerat oss for å dra ned på egenhånd. På spørsmål om dette skyldes jentene eller håndballen velger Eivind å la svaret bli hengende i luften.

Når man hører søker på navnet,

Fakta

Født: 4.mai 1993

Høyde: 193 cm

Posisjon: Høyre bakspiller

A-landslagskamper: 45

Klubber: Lyngbø,
Fyllingen,
HC Midtjylland

Eivind Tangen så dukker det opp artikler og videoer fra hele verden. Ganske unikt for en håndballspiller fra lille Norge.

Ser man videoklippene så er det ikke lenger så underlig. Eivinds spektakulære straffe under bylagsturnering har hatt millioner med visninger på youtu-

be og vært omtalt i de største avisene i Europa.

Vi føler oss forpliktet til å spørre om hva han tenkte på når han gjorde dette.

– Jeg tenkte vel ikke så mye, så at målvakten stod langt ute. Så hadde vi øvd litt på forskjellige straffekast den siste tiden før bylagsturneringen. Jeg følte meg jo sikker på at den skulle fungere, sier Eivind.

13.06.2010 er en dato som går inn i norsk håndballs historiebøker.

– Ja, det var ellevilt. Få landslagsdebuten som yngste herrespiller noensinne var ikke noe jeg hadde tenkt så mye på, sier Eivind.

Eivind debuterte på a-landslaget i VM-Kvaliken mot Litauen. Han hadde lagt bak seg en god sesong i Fyllingen og han tok nivået i eliteserien med største selvfølgelighet.

Det ble mesterskap med yngre landslag, kombinert med toppidrettslinje og eliteseriesatsning. Debut for A-landslag, ting var bedre en noen gang.

Men så, kommer motgangen.

Vi trente utrolig mye på den tiden, jeg kjørte på. Var med på alt og la på meg ekstremt mye muskelmasse. Det gikk nok litt for fort sier Eivind, etterpå klok.

Knærne mine tålte ikke all belastningen, samt vektøkningen.

– Jeg bestemte meg for å ta grep, ingen kampaktivitet. Jobbet sammen med klubb og landslag apparatet for å komme meg tilbake. Alternativ trening, kosthold og masse viljestyrke gjorde at unggutten tok av mange kilo. Knærne ble behandlet og jeg brukte lang tid på å komme tilbake. Heldigvis kunne jeg prioritere studiene i denne perioden. Det er alltid viktig å tenke på det som kommer etter håndballen, sier gutten med bachleor i økonomi.

Nå har Eivind og hans samboer, Stine Skogrand flyttet til Danmark hvor begge spiller profesjonelt. Eivind i HC Midtjylland og Stine i Silkeborg-Voel. Begge tilbake på landslaget, begge profiler i sine respektive klubber.

– Vi hadde muligheten til å dra ut tidligere, men valgte å gjøre mest mulig av studiene ferdig i Bergen før vi takket ja til ett tilbud som gjorde at vi kunne bo sammen. Vi nyter Danmark og muligheten vi har fått. Danmark er ett deilig land med fine golfbaner, sier golf-ferksingen.

Bu sentralt og godt på Stord

2016 Nyrenovert og ombygd

almaas-hotell.no

Almaas Hotell Stord

Hotellet ligg kun 500m. frå Leirvik kai

Tilbakeblikk...

FOTO: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN



HAGA



G. SAGENES – ÅDLAND



Grov Grasklypp

– Alt i vaktmestertjenester!

Telefon 934 49 864 – e-post: grov.gras@gmail.com

VI ER STOLTE AV Å
FÅ BIDRA TIL UTVIKLING
AV FREMTIDEN

FRONTA
www.frontagruppen.no

i BOX www.ibox.no

Tradisjonsrikt oppdrag



Det kriblar litt ekstra i magane til Johanne Skjerven Valland og Mats Mikkelson Sæther før årets Handballfestival. I år er det nemleg dei to som skal stå på scena under opninga av festivalen på torget, føre tusenvis av menneske, og lesa den tradisjonsrike handball-eiden.

Dei flotte spelar-representantane spelar begge handball i Stord Handball, Johanne på J-10 og Mats på G-10. Begge er einige om at dei gler seg stort til ein kjekk og sosial festival, men aller mest gler dei seg til alle kampene dei skal spela.

HANDBALL-EIDEN

Som representant for spelarane, lovar eg under Handballfestivalen:

- å spela så godt eg kan
- å oppmuntra medspelarane mine
- å visa respekt for dommarane
- å retta meg etter leiarane
- å ta avstand frå alle former for doping
- å kjempa med fair play

Eg lovar:

- å tola å tapa
- å tola og vinna

Legg ut bilete
på Instagram!



#solblikk



Sunnhordland

RAGN SELLS
En del av kretsløpet

**HEI DU MED GAMMEL BIL
VRAKPANT 3 500,-* I HELE 2017
VI KAN OGSÅ HENTE BILEN DIN**

* VI GIR DEG 500,- EKSTRA UT ÅRET, VANLIG VRAKPANT ER 3 000,-

08899
RAGNSELLS.NO

ELDØYANE NÆRINGS-PARK 130, 5411 STORD

BAKERIET FRUGÅRD PRESENTERER

SOMMARREVVYEN PÅ 4 HJULIGJØNO LEIRVIK



MEG
SIGURD SELE
ÅGE STOKKEN
GRIM MOBERG
TONJE HOLM SANDNES
SANDRA SPJELKAVIK

SPELAST I MAI, JUNI OG JULI - 2017
SJÅ WWW.FRUGAARD.NO FOR MEIR INFORMASJON

BILLETTAR PÅ TLF. 53 40 00 72

Bakeriet
Stord

Grov Forskalling STORD INNKVARTERING AS Flügger farve Stord **FRONTA**



HEIANE

STORSENTER

Åpent 10-20 (10-18)

Stolt leverandør av mat til Handballfestivalen

REMA 1000

VABAKKJEN

REMA 1000

BJELLAND

TA MED LAGET TIL MCDONALD'S PÅ HEIANE!

SYRT CHILL

Chicken Salsa
& Smoothie



39,-
shpenn
munché inne 62,-

Me har ope heile pinsen!



i'm lovin' it®
STORD

Tilbakeblikk...

ALLE FOTO: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN





FOTO: HENRIK MUNDAL-ANDREASSEN

Ein stor takk til våre samarbeidspartnarar!

STØDIGE SAMARBEIDSPARTNARAR

KVÆRNER™



WÄRTSILÄ

 SparebankenVest



Sunnhordland
MEDIEHUSET

SKL 

ANDRE SAMARBEIDSPARTNARAR:

Apotek1	Statsbygg
Apply Leirvik	Stord Eventband
AV-OG-TIL	Stord Fotball
Bakeriet Frugård	Stord Hotell
Bulldog Media	Stord Kommune
Fronta	Stord Lensmannskontor
Glass & Byggteknikk AS	Stord Skeiser
Grov Grasklypp	Stord Symjeklubb
Hennig Olsen	Stord Tennisklubb
Idrift	Stord Trafikk
IL Solid	Stord Ungdomsskule
IL Trott	Stord Vidaregåande skule
Judoklubben Stord/Fitjar	Stord Volleyball
Kjeldsberg Kaffi	Storm weather shanty choir
Klima og Energiservice	Sunnhordland Naturgass
Lerøy	Sæ barnehage
Leirvik Dampbakeri	Transportøren Sunnhordland
Leirvik Varetaxi	TIDE
Norengros	Tine
POWER STORD	Utbygdo Grendahus
Ragn-Sells	Valvatne FUS barnehage
Rema 1000 Vabakkjen	Vest Catering
Sagvåg maritime FUS barnehage	Vest Lydservice
Samhald	Vilvettene Friluftsbarnhage
Sport1	W. Engelsen
Spinae Company	Zpirit
Statens Vegvesen	

Handballfestivalen ønskjer også å retta ei STOR TAKK til alle deltakarar, dommarar, foreldre og frivillige som er med på å lage dette til vårens vakraste eventyr!